

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Voll

Emne: Høyberging

Bygdelag: Måndalen

Oppskr. av: Sigurd Vollset

Gard:

(adresse): Måndalen i Romsdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Oppskrifta er både etter eiga røynsle og etter andre heimelsmenn.

SVAR

A. Det meste av det som her er medteke, er av eiga røynsle. Oppskrifta gjeld dei aller fleste gardar her i bygda.

B. Dei heimelsmenn eg har brukt, er:

1. Gardbrukar Lars Skeide, fødd 1869, bustad: garden Skeide, Måndalen i Romsdal.

2. Gardkone Maria Skeide, fødd 1866, bustad: garden Skeide, Måndalen.

Høyberging.

Frå gammalt har det vore eit veldig strev med å få høvavlinga i hus, frå dei slo dei første stråa rundt husa midt i juli månad og til dei var ferdige med sæterslåtten og utmarks- og fjellslåtten i sept.-oktober. No er det annleis. Det er slutt med utmarksslåtten. Dei siste slutta for 29 år sidan, og det var berre eit par gardar som dreiv med det så lenge. Dei andre slutta før, rundt 1905. Det var elles mest berre husmenn og einskilte småbrukarar som dreiv med slik slått etter 1900. Før den tida vart det årvisst drive med utmarksslått i sume grender. Det var både vanlege gardbrukarar og husmenn som hadde utmarksslette i skogliene - opp til 600 m over havet.

Viktigare enn utmarksslåtten var sæterslåtten, for mange gardar i allfall. Det er 11 grender i Måndalen. Av dei driv enno 5 med sæterslått. Eit par gardar i to andre grender har og hatt inngjerd mark på sætra tidlegare. Oldemor mi, som var gardgjente og seinare kone på ein av desse gardane (Skeide), fortalde mor mi at ho gjekk med mat til slåttekarane på sætra. Det var ikkje noko ringare enn bukkeblod-ball ho hadde med seg. Det var i 1814. Då var ho oldemor 7 år gamal. Og det var nett siste året dei slo sætra på Skeide, fortalde ho.

Det er elles fleire gardbrukarar som i dei siste åra har slutta med sæterslåtten, helst dei som hadde dårlegaste slåtteteigane, ruskemark, blautmyr og slikt. Det var rundt 1925 det bar til med å leggja ut sætergjerda (det vanlege namnet på den inngjerde marka ved sæterhusa). Dei slutta å halda gjerdesgarden i stand,

og då vart sæterbøen snart liggjande for fefot. Men dei fleste som hadde drive med sæterslått før, dreiv framleies, og driv no og. Dei køyrer eller dreg gjødsla ut over frå sæterfjøsa på slede, enten om hausten eller om våren, og set gjerdet i stand om våren til sauene blir slepte. Og då står det ubite til først i august og sæterslåttan byrjar.

På sætra ber dei tørrhøyet til løa alle som ikkje har hestø - ja, sume som har hest, ber det og, men det er reine unnatak. Dei som har hest, bøyrrer det på slo(ei). Sloa blir laga av 2 eller 3 unge bjørker, godt 4 m lange. Dei fester bjørkene til eit tverrtre på den måten at dei smetter treet båk fremste greina på kvar bjørk og bitt til med tau eller streng(grann jarltråd). Før brukte dei bjørkevidjer. Så fester dei skjæker på enden av tverrtreet - smetter tverrtreet inn i hol i enden av skjækene - og set ein pinne framfor. Sætergjerda dei driv no, er godt opprudde, frie for skog og med høveleg tørr grunn, så graset blir tørka der dei slår det. Må dei flytta på detsume stader, før dei tørkar det, ber dei det mellom hendene og brukar riva attåt. Dei hesjar sjeldan høyet på sætra, - det har hendt dei har gjort det når veret har vore reint umogleg(regnversbolkar). Dei ber då høyet til hesa - med hendene og riva.

På ei slo lesser ein store lass, serleg dersom marka hallar noko åt løa. Er det flatt, lesser ein noko mindre. Men som oftast lesser ein på sloa med ein får til å liggja, så nær som når ein køyrer motbakke. Ein har ingen fast regel for kvar ein lesser på sloa først framme eller bak. Det viktige er at ein lesser så breie lass at høyet ikkje dett av att. Før ein lesser, passar ein alltid på at sloa er høveleg brei - at bjørkene -

(oftast 3) ligg høveleg langt frå kvarandre. Men dei må heller ikkje liggja for romt, då kan noko av lasset bli ~~li~~ liggjande att. Når sloa er full, og lasset skal køyrast til løa, går det oftast ein mann på kvar side og styd lasset. Ein lesser av med hendene og kastar inn i løa. Løene er på lag 2,5 m breie og 3,5 m lange, bygde i eitt rom. Mange løer er mindre.

Når den hestelause småbrukaren skal ha inn sitt høy på sætra, må han bera det. Så har det alltid vore. Slo har lite vore brukt. Han som skal bera høy, brukar enten beretau eller kipeband, eller han ber høyet mellom hendene, dersom det er stutt veg til løa. Kipebandet er laga av ei grann, mjuk bjørk, på lag 2-3 m lang. Ein kvister bjørka så nær som i ytste enden, der set ein att nokre greiner. Dei legg ein inn til kvarandre og lagar ein knute i enden, så det blir ei lykkje til å smetta grovenden gjennom når børa er ferdig. Når ein legg høy i kipebandet, passar ein alltid på å laga fine, faste kjemmer med riva, så høyet ligg godt. 4 kjemmer er ei høveleg bær. Ber ein i tau, legg ein det dobbelt ned på marka og kjemmer høyet som til kipebandet. Når børa er stor nok, smetter ein tauendane inn i bukta og dreg til det ein kan, og børa er ferdig. Ber ein i kipeband, smetter ein grovenden inn i lykkja og trykkjer børa saman og dreg til. Så legg ein seg på kne med ryggen mot børa og tek ein tauende over kvar aksel og bøyer kroppen fram og vrir seg halvt rundt og reiser seg med børa på ryggen. Enden av kipebandet tek ein over eine aksla og held i med begge hender, og får børa på ryggen på same måten som når ein ber i atu. Held ein til på flat mark, får ein stundom hjelp med å få børa på ryggen, - men like ofte må ein greia det sjølv. Hjelparen står bak.

Både born og vaksne var, og er, med på dette arbeidet.

Når ein frakta høyet ned frå bratte utslåtter, brukte ein stundom meis, oftast laga som ei kulerund not av tau(hamp) med ein 2-3 m lang tauende fest i kanten av opninga til å binda for. Det tauet kallar ein her bænslætøg (eit). Meisa vart oftast rulla ned over bratta. Men løypestrengen vart og så vidt brukt, men sers sjeldan her. Eg kan minnst at det vart sendt høyt på løypestreng. Det er på lag 45 år sidan. Det vart slege 500 m over havet. Dei la det råde gras i i runde ballar med tau eller bjørkeris rundt og rulla nedover til dei nådde i løypestrengen, som ende lenger nede i lia. Der hengde dei grasballen på, og då var det ikkje langt talet før høyet var nede ved spelet, dvs: der løypestrengen var fest nede på bøen. Der vart høyet tørka og heimkøyrt eller drege på vogn.

I det heile har det vore heller lite av fjellslått i Måndalen, i allfall i manns minne. Ein reknar ikkje då med sæterslåtten, - som hadde heller mykje å seia ei tid, - ja, som har sitt verde den dag i dag.

Dei siste utmarksløene datt ned for om lag 30 år sidan. Eg kan ikkje minnst å ha sett meir enn 4 slike her i bygda. Men før nokon kan minnst no, stod her fleire utmarksløer. Vi har namn som Megro-løa, Gamle-Pe-gjerdet, Gamle løa o.fl. som fortel om det.

Utmarksløene var berre små, og kvar teig var oftast ikkje så stor. Den vanlege måten å å frakta høyet til løa på var å bera det mellom hendene når vegen var berre stutt, og i kipeband eller tau når vegen var lenger. Var det sers bratt der dei heldt til, hadde dei høyet ihop i små ballar og rulla dei nedover. Ei lita slo vart og brukt. Mesteparten av høyet vart tørka ved løa - iallfall ikkje langt frå. Det skulle vera stutt veg frå tørrhøyflekken til løa. Regnbyene kjem ofte brått.

Heime på garden brukar ein til høykøyting ei 2-hjula vogn - langvogn kallar vi ho. Her finst og no så vidt 4-hjula høyvogner. Men dei ser ikkje ut til å slå igjennom. Langvogna er på lag 4,5 m lang (skjækene medrekna) og 0,9 m brei. Hjula er noko så nær 70 cm. i tverrmål. Det er grindar på sidene og bak og framme. Dei kallar vi karmar. Dei kan lett takast av. Dei er laga av tunne, kvistfrie bord, så dei kan bøya seg lett utover. Dei vanlegaste lassa er kring 200 kg - helst under. Sume brukar høytong til å gyrda lasset med. Høytonga er laga av to mjuke, kvistfrie bord, 8-10 cm breie, med eit sterkt tverrtre i kvar ende. Mellom borda er det 30 cm. Tauet til å gyrda med (tangsimen, ein) er fest i eine enden av tonga og går under lasset og vogna. Når ein gyrdar, står ein bak vogna. Ein lesser høyet med høygaffel no, før var det med riva og hendene. Ein mann eller ein gutunge er oppe i lasset og trakkar (trappar). Større gardar brukar ofte to vogner når dei køyrer tørrhøy. Dei lesser på den eine vogna med ein køyrer inn den andre. Når det lid ut i onna, og løene fyllest, må ein mann vera inne og ta unna i høystålet. Det er i dei gamle løene. Dei som har nyare og meir moderne lær, slepp det, og sparar såleis ein mann.

Her er ikkje noko slag reglar for siste eller første lasset ein køyrer inn.

Dei brukar same vogna til kornkøyting som til høykøyting. Men når dei køyrer korn, brukar dei ikkje sidekarmane. For 50-60 år sidan brukte dei slede til kornkøyting.

Det er no 100 år - eller vel det - sidan dei byrja bruka vogn her i bygda. Dei første langvognene var ikkje mykje annleis enn dei som blir brukte no. Dei hadde tre-ås og uskodde hjul. Hjulslæde har - så vidt eg har greie på, ikkje vore brukt her. Dei brukte vanleg uskodd slæde til all slags køyring før vogna vart teken i bruk. Men slæde-bruken om sumaren hekk lenge i på mange gardar sidan vogna kom i bruk. Det var mange som i førstninga ikkje torde setja hesten for vogna. Han kunne bli skræmd. Til køyring av rårhøy har slæden vore brukt noko attåt slo til ikkje så lenge sidan på sume gardar.

Det var ingen fast regel for kvar ein kunne få køyra med slæde eller med vogn. Dei brukte, og brukar, berre ein hest for korn- og høyvogna. Det same var tilfelle den tida dei brukte slæde.

Når høyet skal heim frå sætrane, blir vinterføret brukt. Slik var det før og oftast, den tida dei hadde utmarksslått og -lær. Vegane er skrale den dag i dag. Det har lite vore retta på dei i manns minne. Det er steinar og hol og blaute dike mange stader, så ein treng over halv-meteren med snø mange stader skal ein få brukande veg. Dei som har hest, køyrer høyet høyet frå sætra med same slæden som dei køyrer brennveden. Langslæde eller vedaslæde kallar dei han. Slæden er på lag 2,2 m lang og 90 cm brei og 20-25 cm høg. Det er ikkje botn eller golv i slæden. 4 sterke tverrtre, som dei kallar hinningar, held slæden ihop. Fremste tverrtreet er smekrare og kallast veiende. Remmane går langsetter slæden på kvar side, rett opp for meiane. Heile slæden er laga av bjørk.

Når dei brukar denne slæden til høykøyring, hogg dei staurar og legg i botnen på slæden. Staurane rekk noko attom slæden, så lasset kan bli langt. Når dei lesser på, tek dei bør for bør med hendene frå høylæa og ber ut på slæden. Dei passar på at lasset blir breitt og nokolunde rett opp på sidene. Dei trakkar og trykkjer høyet saman, så lasset blir hardt og ligg godt. Lasset blir noko større enn eit sumarlass i kassevogna - så til vanleg. Men er det lite snø så vegane er skrale, lesser dei mindre. Når dei gyrdar, brukar dei tong og tangsim på langs etter lasset. Attåt det brukar dei det ein kallar mid-gyrding (mett-jørring) -; to reip på tvers av lasset. Mellom dei reipa og lasset legg dei små bjørkegreiner på langs, så ikkje noko høy skal detta av. Er vegen nokolunde bra, ligg køyraren oppå lasset, - men helst står han på lasset bak, med ein fot på kvar staurende som stikk unna lasset.

Det er vanleg, og har vore sålik så lenge folk minnest, at alle som har slåtten på same sætra, køyrer same dagen. Dei køyrer i 9-tida om morgonen og rekk då berre eitt lass om dagen. Det er ikkje nokon fast regel for kven som skal setja tida når dei skal køyra. Dei blir samde om ein dag når snømengda er høveleg, og veret elles er bra. Det må ikkje vera regn. Er det mykje snø, så hestane har stort strev med å koma fram, så skifter dei åt med å køyra først. Er grøvene og dika opne, må dei moka og trakka attåt. Sume gonger har det teke så lang tid å koma fram til sætra første dagen at det har vore mest mørkt til lessinga byrja. Då har dei køyrt heim i mørkret.

Den tida dei dreiv med utmarksslått, og hadde høyet i lær i utmarka, var det ikkje høve til slikt samarbeid under høykøyringa om vinteren. Løene stod ikkje samla, så kvar mann var meir nøydd til å greia seg sjølv. Men elles gjekk køyringa på same måten som frå sætra.